


M I N A O G

L O V A





tekst:

ELIN B. R. TØMTE

illustrasjon & design:

INGA H. SÆTRE

MINA OG  
LØVA

omsett til nynorsk:


GRO NESLAND

Kjære leser!

I denne boka kan du lese ei kort historie om Mina. Mor til Mina er politikar, og ein dag får Mina vere med på Stortinget der mora jobbar. Der møter Mina ei løve som viser henne rundt, og ho lærer masse om Stortinget og demokratiet.

Eg håper du synest boka er spennande, og at du får lyst til å lære meir om korleis landet vårt blir styrt.

Vennleg helsing  
Olemic Thommessen

  
Stortingspresident



Mina kjenner eit lite sug i magen nesten før ho opnar augo.  
Ho har gledd seg så lenge til denne dagen!

17. mai er annleis enn alle andre dagar.  
Ein stor bursdag der alle er inviterte, tenkjer Mina, medan ho dreg opp strømpebuksa.  
Kleda la dei fram i går. Mina tek den nystrokne kjolen på. Han er raud med kvite prikkar. Ho svingar seg rundt på golvet, så kjolen faldar seg ut som ein paraply.



Mamma er også fin, ho har bunad på seg.  
Etter frukosten reiser dei saman til byen for å sjå på barnetoget.  
Dei finn ein plass like ved Stortinget.  
– Her ser vi godt, seier mamma og trekkjer Mina endå nærmare.  
Jublante skolebarn og fine musikantar fyller heile Karl Johan.

På fortauet trengjer folk på frå alle kantar.  
Alle vil stå fremst så dei kan sjå.  
Nokon ropar hurra og vinkar til Mina og mamma.  
Mina løftar flagget sitt og vinkar tilbake.  
Neste år skal ho også gå i toget!

– I dag feirar vi Grunnlova, seier mamma. – Og veit du, Grunnlova ligg inne i Stortinget.

Mamma til Mina er politikar og arbeider i Stortinget.

– Kva er Grunnlova? spør Mina.

Mamma tenkjer seg litt om.

– Grunnlova er liksom hovudlova for heile Noreg.

– Går det an å sjå Grunnlova? spør Mina.

– Ja, det gjer det, men no skal vi jo i selskap, svarer mamma.

Men før dei går til trikken, ser Mina på den eine steinløva som ligg framfor Stortinget. Mina smiler mot løva og skal til å gå då løva plutseleg blunkar til henne! Mina skvett til. Ei steinløve som blunkar? Til henne?

Mina grøssar, så rart er det. Mamma la visst ikkje merke til det; ho har begynt å gå mot trikken.

Mina snublar nesten når ho spring etter mamma.





Når Mina har lagt seg den kvelden, fortel ho mamma om løva. Ho vil så frykteleg gjerne tilbake.

– Jenta mi, steinløver kan vel ikke blunke! seier mamma og pakkar dyna godt rundt Mina.

Men før mamma sløkkjer lampa, lover ho at Mina skal få vere med til Stortinget neste dag.



Om natta begynner det å regne. Mina tenkjer på løva  
som ligg våt og kald i regnet.

Når Mina vaknar, er mamma stressa.

– Kvar har eg lagt det? seier ho til seg sjølv.

Ho har leita i kommoden, i skuffen og på bordet. No ser ho til og med i kjøleskapet.

– Kva leitar du etter? spør Mina.


– Skattekortet, sukkar mamma. – Eg har fått nytt skattekort og skal levere det i dag.

Mina vil gjerne hjelpe og begynner også å leite.

– Tenk, eit skattekart! Kan det vere ein skatt på Stortinget?

Mina ser for seg ei kiste med pengar, gull og edelsteinar. Endeleg finn mamma skattekortet.

– Det hadde jammen gøynt seg godt, seier ho.



Mina synest ikkje det liknar på noko skattekart.

– Kva er eit skattekort då? spør Mina litt skuffa.

– Dei som har eit arbeid, får lønn for det dei gjer, seier mamma.

– Alle må betale noko av lønna i skatt. Og skattekortet fortel kor mykje vi skal betale. Når alle betaler skatten sin, blir det ein ganske stor sekk med pengar.

– Er det den sekken som er skattekista, liksom? spør Mina.

– Ja, på ein måte kan vi seie at alle skattepengane er som ei skattekiste, smiler mamma. – Og det er ei skattekiste som alle får glede av, for pengane blir brukte til skolar, sjukehus, eldresenter, politi og mykje anna.

Mina hugsar då bestefar låg på sjukehuset. Då sa han til mamma at han var glad for at han hadde betalt skatten sin. No forstår Mina betre kva bestefar meinte den gongen.

Mamma og Mina tek trikken til byen. Det regnar framleis. Folk hastar av stad under paraplyane sine. Mamma ventar i porten. Mina tittar ut av den gule regnhetta og ser spent på løva.

– Så våt du er, frys du ikkje?

Mina står på tå, men løva ser berre ut i lufta. Søv ho, tru? Utan å tenkje seg om brøler Mina eit kjempebrøl.

Løva ristar på hovudet og blunkar med augo. Mina kjenner at hjartet begynner å banke fortare. Så bøyar løva hovudet og ser på henne.

– Var det du som brølte? spør ho og ser interessert på henne. Mina nikkar, men får ikkje fram eit ord.

– Eit så flott brøl har eg visst ikkje høyrta sidan eg sjølv vart hoggen ut av steinblokka.

Løva ser seg om og strekkjer forsiktig på labbane. Så kjem ho langsamt ned frå sokkelen.

Mina sveittar i hendene og klarer nesten ikkje å stå stille. No er løva nede på bakken. Ho svingar på halen og ser på henne.

– Gå til mamma di, du. Vi kan møtast inne i Stortinget om ei stund, så kan vi gå ein liten runde saman. Eg må bruke den hemmelege døra mi, seier løva og forsvinn rundt hjørnet.

Mina spring etter mamma, og saman går dei inn i Stortinget og opp på kontoret til mamma.



Mamma har mykje å gjere. Ho må førebu seg til noko ho skal seie inne i stortingssalen, og etterpå skal ho i fleire møte.

– Kan eg få sjå meg litt omkring? spør Mina.

– Mm, svarer mamma, medan ho går for å hente seg nokre aviser og ein kaffikopp.

Mina skundar seg ut av kontoret.


I den lange korridoren heng det bilde av politikarar som har arbeidd i Stortinget før i tida. Mina har ikkje tid til å sjå på dei. Ho må finne trappa.

Like ved heisen ser ho løva som ventar på henne.

Ho er jammen stor, tenkjer Mina og nøler litt. Men ho er meir nysgjerrig enn redd og følgjer etter når løva begynner å gå opp den breie trappa.

– Bur du her? spør Mina.

– Bur og bur, eg passar på Stortinget, seier løva.





Midtvegs i trappa stansar ho framfor ei dør.

– Her er det noko du må sjå, seier ho.

Dei kjem inn i eit rom med veggar av murstein og med mange bilde. I eit slags glasskåp ligg ei bok.

– Dette er ein kopi av Grunnlova vår.

Ho vart skriven for omrent 200 år sidan.

Det er denne heile Noreg feirar kvar 17. mai. Grunnlova er nok det viktigaste eg har å passe på, seier løva tankefullt.

Mina synest det er litt rart å feire ei bok, men så hugsar ho at mamma har sagt at Grunnlova er hovudlova for Noreg.

Sjefen over alle andre lover, liksom. Ikkje rart at løva ser stolt ut!

– Då vi fekk ei eiga grunnlov i Noreg, begynte demokratiet.

– Kva er demokrati? spør Mina.

Løva kremtar og fortel: – Det er at heile folket skal vere med og bestemme. Men alle kan ikkje bestemme på ein gong. Derfor vel vi nokon til å styre for oss. Dei 169 politikarane her på Stortinget kjem frå heile landet. Det er dei som avgjer dei viktige sakene.

– Høyrer eg til folket då, herr Løve? spør Mina.

– Klart du gjer! Men du må vere 18 år før du kan vere med og velje.

– Og dei bestemmer over den store pengesekken, seier Mina.  
Løva ser opp: – Jaså, du har hørt om den! Kvart år prøver politikarane å bli einige om korleis pengane skal delast og brukast. Ofte kan dei vere ganske ueinige. Då prøver dei å diskutere seg fram til gode forslag som mange kan vere einige om. Dei løysingane som dei fleste synest er ok, bestemmer dei seg for. Slik verkar demokratiet.

Mina har jo hørt mamma snakke om dette før, men forstår ikkje heilt.

– Korleis hadde det vore, då, dersom det ikkje var demokrati? spør ho.

– Då hadde vi ikkje fritt kunna velje leiarane våre. Utan demokrati er det berre nokre få som bestemmer, og det er urettferdig!






Mina og løva går vidare opp trappa og kjem inn i eit stort rom som heiter vandrehallen. Akkurat då ringjer det i ei klokke, og mange politikarar kjem med raske steg og skundar seg inn i sjølvaste stortingssalen.

Mina og løva følgjer etter.

Det er ein vakker sal i raudt og gull, med ei kjempestor lysekrone i taket.

– Her i stortingssalen har dei 169 politikarane sine faste plassar, seier løva lågt. – Her seier dei kva dei meiner, og etterpå røystar dei over sakene som dei har diskutert.

Når dei røystar, trykkjer dei på ein røysteknapp på plassen sin. Grøn knapp betyr ja. Raud knapp betyr nei. Den fargen som flest trykkjer på, avgjør kva som blir bestemt.







## RIKSVÅPENET I GAMLE DAGAR

På ein vegg heng det eit bilde av ei gullløve med krone på hovudet og ei øks i labbane. Løva og Mina beundrar bildet.


- Løva i riksvåpenet er ein nær slekting av meg, seier løva stolt.
- Men kvifor akkurat ei løve? Vi bur jo i Noreg! seier Mina.
- Løver betyr styrke og fridom. Vi er sterke og skal verne, seier løva og ristar på løvemanken.


Mina tenkjer seg om. Ho er einig i at løva er stor og sterk.

- Men du er jo berre gråstein! dett det ut av henne.
- Gråstein du liksom, brummar løva.

Ho svingar med halen så Mina nesten går over ende. Så marsjerer ho ut, med hovudet høgt til vêrs.  
Mina må springe etter.

- Gråstein! snøftar løva igjen. – Eg er laga av granitt. Eg er ein av dei første skulpturane i Oslo by. Eg ligg ute i all slags vêr! I over hundre år har eg passa på Stortinget og Grunnlova. Dag og natt. Og i hundre nye år skal eg passe på.
  - Unnskyld, herr Løve, seier Mina og dreg løva forsiktig i halen.
  - Det er jammen bra at du er av granitt! fortset ho.
- Då ristar løva på manken sin og ser meir fornøgd ut.





Saman ruslar dei to vennene nedover trappa.

– Takk for følgjet, seier løva. – Det var fint å få vise deg nokre av dei skattane eg vernar.

– Det er bra at du passar på Stortinget og Grunnlova, seier Mina.

– Ja, nokre ting er det verdt å passe på, svarer løva.

Mina gjev løva ein klem og takkar for omvisinga.

Så spring ho tilbake til kontoret til mamma.



Mamma synest Mina vart lenge borte.

- Du kan ikkje gå åleine rundt i huset her, seier mamma.
- Eg gjekk jo ikkje heilt åleine då, svarer Mina med eit lurt blikk. Mamma held fram med arbeidet sitt framfor pc-en sin.
  
- Du mamma? Går det an å seie at demokratiet er ein skatt? spør Mina etter ei stund.
- Ja, det kan ein trygt seie, svarer mamma, litt forundra og imponert.

Då tenkjer Mina at ho har funne skattekista likevel.  
Og vorte venn med den som passar på skatten.



Stortingets administrasjon  
Informasjonsseksjonen  
Trykk: Stortingets hustrykkeri 2013  
ISBN 978-82-8196-076-3  
[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)

